

Referat frå styremøte i Sotra Volleyballklubb



Tid: 14.08.2023, kl. 18:00-20:00

Stad: Klasserommet i Bildøyhallen

Desse møtte: Renate Turøy, Vegard Mortensen, Jens Knabben, Nils Magne Vardøy, Maiia Slobodaniuk, Mikael Tangen

Forfall: Cathrine Hartwig

Saker:

1/2 Innkalling

Innkalling godkjend.

2/2 Saksliste

Saksliste godkjend.

3/2 Referat frå styremøte 24.04.2023

Referat godkjent.

4/2 Fordeling av treningstidene 2023-2024

Mini/U13: Fjell Ungdomsskule, måndag kl. 18:30-20:00
Knappskog skule, torsdag kl. 19:00-20:30

JU15-JU19: Bildøyhallen, måndag kl. 19:30-21:30

Knappskog skule, onsdag kl. 19:30-21:30

Ågotneshallen, fredag kl. 18:00-20:00

Damelag: Bildøyhallen, måndag kl. 19:30-21:30

Bildøyhallen, torsdag kl. 20:30-22:30

Trim: Knappskog skule, måndag kl. 20:00-22:00

Knappskog skule, torsdag kl. 20:30-22:00

H1 og H2: Bildøyhallen, måndag kl. 20:30-22:30

Sotra Arena, tysdag kl. 20:30-22:30

Bildøyhallen, torsdag kl. 20:30-22:30

Sotra Arena, fredag kl. 19:00-21:00

Gutelag: Dersom det vert gutelag, så kan laget bruka desse
treningstidene:

Bildøyhallen, måndag kl. 18:00-22:00

Knappskog skule, torsdag kl. 19:00-20:30

Ågotneshallen, fredag kl. 18:00-20:00

5/2 Vakthald i Bildøyhallen under treningar og i helgene

Vegard A. Mortensen har ansvar for at vakthaldet vert gjennomført. H1 og H2 tek dei fleste vaktene i sesongen. Damelaget sine spelarar tek ei vakt kvar om hausten 2023 og ei vakt kvar om vinteren 2024. Vegard lagar vaktlister.

Helgevaktene greidde vi ikkje laga gode planar for. Sesongen 2022-2023 tok Mikael Tangen dei fleste vaktene, ca. 15 vakter fordelt på laurdagar og søndagar. Vi må finna andre rutinar for dette vakthaldet. Det vert ny sak om dette på neste styremøte. Vegard og Mikael er i dialog om vaktene framover dersom noko ikkje fungerer som tenkt.

6/2 Revisor

Denne vert sak også på neste styremøte fordi vi til no ikkje har greidd å skaffa revisor.

7/2 Økonomi, sponsor osv

Nils Ivar Brennhaug har laga utkast til sponsoravtale.

Nils Ivar Brennhaug, Julio Halland og Mikael Tangen kjam saman torsdag 7. september 2023 før trening for å diskutera vegen vidare i dette arbeidet.

Skal klubben driftast økonomisk etter dei same prinsippa som fram til no, så må inntektene aukast. Vi vil sjå på andre måtar for å auka inntektene.

På møtet vil vi også ta stilling til kva innkjøp som er nødvendige.

Saka vert på ny drøfta i styret for endeleg vedtak.

8/2 Deltaking i turneringar/påmelding av lag

a) Klubben stiller lag i desse seriane:

Damelag 2. divisjon
Jentelag U17 og U19
Mini/U13
Herrelag 1., 2. og 3. divisjon

b) Turneringar:

Vestcup (Stavanger) - 4 lag
 Damelag 2. divisjon
 Jentelag U17
 Jentelag U19
 Herrelag 2. divisjon
Åpningsturneringa (Bergen) - 4 lag
 Damelag
 Jentelag

Herrelag
Regionscup (Meland)
2. divisjon
3. divisjon
Gallaturnering (Trondheim)
Damelag
Herrelag
Veteran NM
Damelag

9/2 Skal Sotra VBK leggja ein plan for å auka medlemstalet?

Markus Fondenæs og Markus Borge arbeider med å få spelarar til gutelag.
Dei skal også trena laget.
Vi arbeider med å leggja planar for korleis Sotra VBK skal verta ein attraktiv klubb for dei som vil spela volleyball.

10/2 Ymse

Ingen saker.

Mikael Tangen
Styreleiar Sotra Volleyballklubb